



Seljord idrettsråd

Seljord kommune

Seljord Røde kors

ELDSJELPRISEN- ÅRETS SELJORDING

VEDTEKTER FOR TILDELING

Av 3. februar 2019

1. Eldsjelprisen er eit samarbeid mellom Seljord Røde Kors, Seljord Idrettsråd og Seljord kommune, og blir tildelt årets eldsjel i Seljord. Årets eldsjel vil mottaka ein sjekk på kr. 8.000,00 og ein kunstplakat primært laga av same kunstnar som i 2017.
2. Eldsjelprisen skal gå til ein eller fleire personar som har gjort ein frivillig innsats utanom det vanlege, vere seg innan inkludering, idrett eller kultur i Seljord.
3. Prisnemnda avgjer kven som får prisen med tre-fjerdedels fleirtal og er sett saman slik: to personar oppnemnt av Seljord kommune (formannskapet), ein person oppnemnt av Seljord Røde Kors og ein oppnemnt av Seljord Idrettsråd. Seljord kommune held sekretariat for prisnemnda.
4. Om det er fleire som gode kandidatar, kan nemnda vedta å overføre kandidatar til vurdering neste år.
5. Nemnda sine medlemmer kan innstille kandidatar til prisen.
6. Frist for utlysning er primo november med 1. desember som frist for skriftleg innsending av forslag til kandidatar. Forslag stillast til sekretæren.
7. Prisen skal primært bli overrekt av ordføraren under 20.dagsarrangementet på Granvin kulturhus.
8. Dersom det er aktuelt, vil prisvinnaren bli nominert som Seljord sin kandidat til Årets eldsjel i Telemark.
9. Kostnadane blir fordelt slik: Seljord kommune dekker 2/4, Seljord Røde Kors 1/4 og Seljord Idrettsråd 1/4 av kostnadane for prisen med eit tak på til saman kr. 20.000,-.
10. Endringar i vedtektene må bli godkjent av formannskapet i Seljord, styret i Seljord Røde Kors og Seljord Idrettsråd.